



Statsråden

Stortinget  
v/Storingsrepresentant Turid Kristensen  
Familie- og kulturkomiteen  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref  
24/1185-

Dato  
13. mars 2024

## **Bestilling av lovteknisk bistand til å utforme ei overgangsordning - Prop. 43 L (2023-2024) Endringer i kontantstøtteleva og folketrygdleva**

Eg viser til Høgre sin fraksjon i familie- og kulturkomiteen si bestilling, datert 8. mars 2024 om «*lovteknisk bistand til å utforme en overgangsordning som sørger for at familier som allerede er inne i kontantstøtteordningen, ikke omfattes av regjeringens foreslåtte endringer.*»

Som det følgjer av Prop. 43 L (2023-2004) pkt. 5 er det ikkje vurdert som naudsynt med konkrete overgangsreglar i endringsleva. Lovendringa er varsla i god tid, endringa blir ikkje gitt tilbakeverkande kraft og Arbeids- og velferdsdirektoratet har opplyst at dei vil sende ut informasjonsbrev om lovendringa. Det er for sikkerheits skuld foreslått ein heimel for overgangsreglar i endringsleva, og det er høve til å gi nærmare overgangsreglar i forskrift. Eg meiner at førespurnaden til Høgre sin fraksjon i komiteen kan ivaretakast ved ei presisering til ikraftsetjinga i staden for ved overgangsreglar i forskrift.

Ei presisering til ikraftsetjinga kan til eksempel formulerast på følgjande måte (sjå forslag til tilføyning i kursiv):

«III

1. Loven gjelder fra den tiden Kongen bestemmer. Kongen kan sette i kraft de enkelte bestemmelsene til forskjellig tid. Endringene i folketrygdloven gjelder for barn der fødselen eller omsorgovertakelsen skjer på ikrafttredelsesdatoen eller senere. *Endringene i kontantstøtteleven gjelder for tilfeller der stønadperioden begynner å løpe etter ikrafttredelsesdatoen.*
2. Departementet kan gi nærmere overgangsregler.»

Om Høgre sin fraksjon ikkje er nøgd med denne måten å gjere dette på, og likevel ynskjer ein overgangsordning og hjelp til å utforme det, ber eg om tilbakemelding på det. Eg vurderer altså at ei presisering i ikraftsetjinga vil kunne ivareta same formål.

Med helsing



Kjersti Toppe

*Brevet er elektronisk godkjent*

Kopi

Familie- og kulturkomiteen